


EINRADEREN TIL KNUT HEGLE SOM HAN FEKK PÅ
1950-TALET. FOTO: ARNE ANDERDAL



Stiftinga Ole Bull Akademiet

ÅRSMELDING

2020

FØREMÅLET TIL OLE BULL AKADEMIET ER:

- ◆ *å formidle kunnskap om og å gje opplæring og utdanning i norsk folkemusikk og folkedans til studentar på høgskule- og universitetsnivå*
- ◆ *i samarbeid med Griegakademiet – Institutt for musikk, Universitetet i Bergen, å gje utdanning på universitetsnivå til folkemusikkutøvarar*
- ◆ *å vere ein møtestad mellom norsk folkemusikk og andre musikkgenrar*
- ◆ *å formidle kunnskap om norsk folkemusikk til interesserte frå andre land. Gjennom gransking, publisering og studentutveksling vil Ole Bull Akademiet gjere sitt til å auke kunnskapen om norsk folkemusikk og folkedans*
- ◆ *å vere ein aktiv aktør i nordiske og andre internasjonale fagfora som fremjar utdanning i og kunnskap om norsk folkemusikk.*



Framtidas felemakarar i regi av Hardingfela.no Felemakar Lukas Pavelka instruerer. Foto: Ingerid Jordal.

OPPSUMMERING AV DRIFTSÅRET 2020

Som resten av Noreg hadde Stiftinga Ole Bull Akademiet eit utfordrande år i 2020. Frå 13. mars har all aktiviteten på akademiet vore prega av Koronapandemien. Ei rekkje vekerkurs i haustsemesteret vart kansellert eller flytt over til 2021. Fleire av kursa som likevel vart gjennomført, vart flytt til campus til dei respektive høgskulane og universiteta. Trass i alle utfordringane har Ole Bull Akademiet kome styrka ut av denne tida, og akademiet er betre rusta enn nokon gong til å formidle og fremje folkemusikk og folkedans til studentar i heile Noreg.

Utfordringane Ole Bull Akademiet hadde rundt kundemassen på vekerkursa såg ut til å bli alvorleg også i 2020. Etter at Stortinget løyvde ekstra midlar til akademiet på Statsbudsjettet for 2019, kunne OBA dekkje kostnadane ved overnatting. Resultatet av ekstraløyvinga har vore positiv for OBA, og storparten av dei tidlegare kundane har valt å halde fram med kursa. I tillegg har også nye fleire nye kundar kome til. Ole Bull Akademiet hadde 360 studentar på vekerkursa i 2020, mot 521 i 2019. Dermed er akademiet igjen nede på om lag same studenttalet som i 2018. Det er framleis nokre utdanningsinstitusjonar som er usikre på om dei kan halde fram med å sende studentar på vekerkurs. Dette på grunn av at studentane/ læringsstadane framleis må dekke utgiftene til mat sjølve.

Vekekursa har også i 2020 fått svært gode tilbakemeldingar på innhald og form frå studentane. Gjennom eit målretta arbeid blir alle kurs skreddarsydd til dei ulike målgruppene; førskulelærerutdanning, allmennlærerutdanning eller musikkutdanning. Dette er viktig for at læringsutbyttet skal

bli best mogeleg, og ikkje minst- at studentane kan bruke kunnskapen frå vekerkurset vidare i virket som musikarar og pedagogar.

Bachelorstudiet i folkemusikk hadde ein liten oppgang talet på søkjarar i 2020, samanlikna med 2019. I 2020 kom det for første gong inn ein student på langeleik – eit av dei eldste folkemusikkinstrumenta i Noreg. Ei historisk hending var det òg at vi for første gong tok inn to folkemusikkstudentar på det ordinære masterstudiet i utøvande musikk ved Grieg-akademiet / UiB. Tidlegare har OBA berre hatt fellesstudiet Nordic Master in Folk Music som tilbod på masternivå, men dei siste åra har det vore opning for å søkje det ordinære masterstudiet ikkje berre med klassisk, men òg tradisjonsmusikk eller jazz som sjanger. Året ga elles uventa utfordringar for både lærarar og studentar, når undervisning, prosjekt og eksamenar i periodar måtte gjennomførast digitalt, og nokre gonger avlyst.

Hardingfela.no har også i 2020 vore ei av dei viktigaste satsingane ved Ole Bull Akademiet. Samarbeidet med Hardanger og Voss Museum (HVM) har skapt ein ny giv for rekruttering, opplæring og fokus på hardingfela som instrument, og sjølvstøtt musikken og dansen knytt til instrumentet. Dette samarbeidet nådde ein milpæl i 2020, då Hardingfela.no frå 2021 har fått 800 000 kr i driftsstønad frå Kulturdepartementet. Hardingfela.no har med dette gått frå å vere eit prosjekt til å gå over i fast drift.

Hovudmålet med Hardingfela.no er å gje hardingfelemiljøet gode vekstvilkår, og auke interessa og forståinga for hardingfela, folkemusikken og folkedansen lokalt, regionalt

og nasjonalt. Hardingfela.no ønskjer også å bringe tradisjonsmusikken og tradisjonsdansen ut i verda til eit stort publikum. Sist men ikkje minst arbeider Hardingfela.no for å sikre at tradisjonar og handlingsboren kunnskap rundt instrumentbygging, musikk og dans blir dokumentert og vidareført.

Osafestivalen vart – sjølv med dei restriksjonane koronapandemien gav – ein stor suksess i 2020. Det var heilt inntil festivalopninga usikkert om festivalen kunne arrangerast, og programmet, artistar og kva lokale ein skulle bruke måtte planleggast heilt på nytt. Voss idrettshall vart i samarbeid med Voss Lyd AS gjort om til ein intim konsertscene, og festivalen kunne notere seg eit svært godt publikumstal, sjølv med dei restriksjonane som festivalen måtte halde seg til. Felemakarverkstaden ved Ole Bull Akademiet vekkjer stor merksemd internasjonalt. Wiebke Lüders og Lukas Pawelka som er felemakarar har i meldingsåret hatt fått stor merksemd for arbeidet dei gjer, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Interessa for hardingfela er stor internasjo-

nalt. Ole Bull Akademiet har ventar no på godkjenning frå Universitetet i Bergen (UiB) til å starte eit etter- og vidareutdanningstilbod for fiolinmakarar som ønskjer å spesialisere seg på hardingfela i tillegg, då som eit EV/U-program i hardingfelemakeri.

Ole Bull Akademiet har ei viktig rolle nasjonalt som formidlar av folkemusikk og folkedans. Samstundes har akademiet eit ønske om å synleggjere folkemusikken og folkedansen også lokalt og regionalt. Folkedans i Hordaland og Hardingfela.no er viktige element i denne strategien. I tillegg ser Akademiet det som viktig å vere ein medspelar til ulike arrangement i nærrområdet. Mellom anna er OBA ein av initiativtakarane på prosjektet Lyden av Voss. Med stønad frå Voss sparebank og fleire næringsaktørar i kommunen, skal fire festivalar få kvar sin film, og med kvar sin spesialskrivne musikk. Dei tre fyrste fimane er produsert, og den fjerde skal lanserast sommaren 2021. Desse fire filmane skal smelte saman til ein 20 minutt lang film hausten 2021.

ØKONOMI

Ole Bull Akademiet fekk i meldingsåret statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar til drifta.

Tilskot frå stat, fylke og kommunar:	2020	2019
Kulturdepartementet	6.150.000	5.990.000
Kunnskapsdepartementet - UiB	2.603.000	2.527.000
Studiepoengmidlar 2010 – UiB	177.000	173.000
Hordaland fylkeskommune	300.000	284.000
Hordaland fylkeskommune, KUP-midlar (for 2017)	78.000	351.000
Voss kommune	145.000	145.000
I alt	9.453.000	9.470.000

Rekneskapen for 2020 syner eit overskot på kr 451 821,-. Overskotet skuldast i all hovudsak koronapandemien, der kurs vart avlyst og flytt. Dette har medført mindre lønnsutgifter til innleigde lærekrefter. Akademiet gjekk inn i 2020 med eit klårt mål om å snu den negative økonomiske utviklinga gjennom dei to siste åra, og gjennom streng budsjett-disiplin har ein lukkast med dette. Situasjonen rundt pandemien har vore med å forsterke resultatet ytterlegare.

Aksjar

Stiftelsen Ole Bull Akademiet eig alle aksjane i eigedoms- og driftsselskapet Kringsjå AS, og alle aksjane i Osafestivalen AS.

Fond

Styret forvaltar desse fonda:	<u>31.12.2020</u>	<u>31.12.2020</u>
Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond	kr 124.014	kr 123.447
Gudrun og Sigurd Haaheims fond	kr 38.334	kr 38.293
Liv og Knut Klemmetsens fond	kr 12.433	kr 12.420

All kapital er i Voss Sparebank. Det er ikkje brukt midlar frå Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond i 2020. Det er heller ikkje delt ut midlar korkje frå Gudrun og Sigurd Haaheims fond i 2020 eller frå Liv og Knut Klemmetsens fond.

Styret

Terje Støve, leiar (FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans)

Iril Schau Johansen, nestleiar (Voss kommune)

Sighjorn Hauge, styremedlem (Voss kommune)

Frode Thorsen, styremedlem (Universitetet i Bergen)

Magne Espeland, styremedlem (Høgskular/universitet)

Håkon Asheim, styremedlem (Representant for dei tilsette)

Jo Asgeir Lie har vore sakshandsamar og sekretær for styret.

Det har i meldingsåret vore årsmøte og fire styremøte med 25 saker til handsaming. Arbeidsutvalet, representert ved Terje Støve, Håkon Asheim og Jo Asgeir Lie, har hatt 4 møte og handsama 25 saker. Utvalet har i tillegg hatt jamleg kontakt gjennom året og drøfta ulike sider ved den daglege drifta.

PERSONALE

Ole Bull Akademiet hadde i meldingsåret 14 personar med fast arbeidstilhøve til institusjonen, og som til saman utfører 8,5 årsverk. Halve stillinga til driftsleiar blir selt til Kringsjå AS.

Jo Asgeir Lie, rektor	100 %
Håkon Asheim, studieleiar	100 %
Arne Anderdal, høgskulelektor	100 %
Steinar Ofsdal, professor	15 % (30% til 01.09.)
Berit Opheim, førsteamanuensis	15 %
Ida Dyrkorn Heierland, festivalleiar, Osafestivalen	100 %
Elisabeth Vannebo, høgskulelektor	17 %
Tom Karlsrud, høgskulelektor	18 %
Sissel Lie, førstesekretær	100 %
Per Pettersson, driftsleiar/hussjef (50% Kringsjå AS)	50 %
Rannveig Dønne, prosjektleiar	
Hardingfela.no	80 %
Wiebke Lüders, instrumentkonservator/ hardingfelemakar	75 %
Lukas Pawelka	30 %
Magni Rosvold, prosjektleiar Folkedans i Hordaland (er i tillegg tilsett i 50 % stilling i Bygda dansar)	50 %

Jo Asgeir Lie har ansvar for den daglege leiinga og drifta av institusjonen, saksførebuing og sekretærfunksjonen for styret, søknader om offentlege løyvingar og midlar til ulike prosjekt. Rektor har ansvar for det faglege og pedagogiske arbeidet og skal, i samarbeid med dei fagleg tilsette, lage fagplanar for studia og planar for kursverksemda. Rektor har i meldingsåret også gitt undervisning både på kursa og studia.

Håkon Asheim er praktisk, pedagogisk og kunstnarleg leiar av Tradisjonsmusikk I og II (bachelorgrad), og har ansvar for planlegging, organisering og gjennomføring av studiet. Dette gjeld også mastergradsstudiet (Nordic Master), i samarbeid med våre nordiske samarbeidspartar. Han skal i nært samarbeid med rektor og fagråd syte for fagleg og økonomisk styring av samlingane og studiet elles. Asheim har også undervisningsplikt, og han er ansvarleg for fagseminaret i samband med Osafestivalen.

Steinar Ofsdal er tilsett som professor i 15 % stilling. I denne stillinga ligg undervisningsplikt på studiet i tradisjonsmusikk og kunstnarleg leiaransvar av Osafestivalen. Dette var også siste året hans som fast tilsett, og som kunstnarisk leiar for Osafestivalen, då han frå 01.01.2021 gjekk av med pensjon.

Berit Opheim er tilsett som førsteamanuensis i 15 % stilling. I denne stillinga ligg undervisning for Tradisjonsmusikk I og II. Ho var også tilsett i 20 % stilling ved vokalseksjonen ved Griegakademiet, Fakultet for Kunst, musikk og design fram til 01.08.20.

Arne Anderdal er tilsett som høgskulelektor/arkivar. Til stillinga høyrer kursadministrasjon, med hovudarbeidsområde å planleggja, organisera og gjennomføra kursverksemda ved Ole Bull Akademiet. I tillegg ligg bibliotek- og lydarkivvarteneste, undervisningsplikt/kursleiing og ansvar for data- og anna teknisk utstyr inn i stillinga hans.

Elisabeth Vannebo er tilsett som høgskulelektor i 17 % stilling. I denne stillinga ligg teoriundervisning for Tradisjonsmusikk I og II

Tom Karlsrud er tilsett som høgskulelærer i 18% stilling. I denne stillinga ligg teori- og samspels-undervisning for Tradisjonsmusikk I og II.

Ida Dyrkorn Heierland er tilsett som festivalleiar for Osafestivalen i 100 % stilling. Til stillinga ligg ansvaret for planlegging og gjennomføring av festivalen, i tillegg til drift og planlegging av Osascena på Voss.

Rannveig Dønne er tilsett i 80 % stilling som dagleg leiar for Hardingfela.no. Hardingfela.no er eit samarbeid mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss Museum om ei brei satsing på hardingfela - musikken, instrumentet, dansen og miljøet. Ho er også medlem i styret for Osafestivalen.

Sissel Lie er førstesekretær i 100 % stilling. Ho har ansvar for det merkantile arbeidet ved Ole Bull Akademiet. I stillinga ligg vertsfunksjon og resepsjonsteneste og praktisk tilrettelegging av kursopphaldet. Til stillinga ligg også den merkantile delen av kursadministrasjonen. I tillegg har ho det daglege ansvaret for butikken til Kringsjå AS, og syter for fakturering til skular og institusjonar. Ho er også sekretær for, og medlem i styret for Osafestivalen.

Per Pettersson er tilsett som driftsleiar og hussjef, og har 50 % stilling ved Ole Bull Akademiet og 50 % i Kringsjå AS. Han er ansvarleg for vaktmeisterntenester, avtale med cateringsselskapet «Tre Kokker Voss» og vakt- og vaskelister for eigedomen.

Wiebke Lüders er tilsett som instrumentkonservator og hardingfelemakar. Til stillinga er det knytt undervisningsoppgåver på hardingfelemakarstudiet, i tillegg til reparasjonar og nybygg av hardingfeler.

Magni Rosvold er tilsett som fagkonsulent – dans i 100 % stilling for Folkedans i Hordaland, som er eit delprosjekt under Hardingfela.no. Ho er frå 01.09.19 ein av to prosjektmedarbeidarar for Bygda dansar i Hordaland.

I tillegg til dei fast tilsette har ein i stor grad nytta gjesteforelesarar i undervisninga. Dette er i tråd med tanken om at flest mogeleg av dei lokale og regionale musikk- og dansetradisjonane i landet skal presenterast på institusjonen gjennom studieåret. Denne driftsmodellen gjev arbeid til svært mange folkemusikarar, som baserer mykje av inntekta si på våre konsert- og undervisningstilbod. Ole Bull Akademiet er ein av dei største arbeidsgjevarane til norske frilansmusikarar innan folkemusikk og folkedans.

Aktivitet

Vekeskurs

Det har vore halde 15 kurs/seminar for i alt 13 institusjonar/ studentgrupper, med til saman 356 studentar og 8 lærarar frå institusjonane. Dette gjev eit studenttal i snitt på 24 per kurs.

VEKE	STUDENTAR	LÆRARAR	INSTITUSJON
3	2	3	Ski videregående skole
5	24	1	OsloMet
6	30		Universitetet i Agder
6	33		Universitetet i Oslo
7	26		Universitetet i Oslo
8			Barratt Due Musikk institutt
8	23		NLA Høgskolen Staffeldtsgate
8	4		Trøndertun Folkehøgskole, MOVE- programmet
10	38		Griegakademiet
11	34	1	Høgskolen i Østfold/ Høgskulen på Vestlandet
35			Gjøvik vgs - UTSETT
36	25	1	Universitetet i Stavanger
36			FLYTTA TIL STAVANGER
			Universitetet i Agder – UTSETT
37	25	1	Høgskulen i Volda
38			Gjøvik vgs – UTSETT
39	24		Ansgar Teologiske Høgskole
40	13	1	Universitetet i Sørøst-Norge
41	29		Høgskulen på Vestlandet Bergen/ Stord-FLYTTA TIL BERGEN
			OG STORD
42			Universitetet i Tromsø – UTSETT
42			NLA Høgskolen Bergen/Oslo – OSLO FLYTTA TIL OSLO
Sum	360	8	

Kurset i veke 6 for Universitetet i Agder blei halde i Bykle. Kurset i veke 8 for Barratt Due Musikk institutt blei halde i Oslo. Kurset i veke 36 Universitetet i Stavanger blei halde i Stavanger pga korona. Kurset i veke 39 for Ansgar Teologiske Høgskolen blei halde i Setesdal. Kurset i veke 41 for Høgskulen på Vestlandet blei halde i Bergen og på Stord pga korona. Kurset i veke 42 for NLA Høgskolen i Bergen og Oslo vart halden på Voss og i Oslo pga korona.



Frå hallingkurs på UngOsa. Foto: Ingerid Jordal.

Avlyste/utsatte kurs pga korona: veke 35 og 38 Gjøvik videregående skole. Veke 36 Universitetet i Agder. Veke 42 Universitetet i Tromsø.

Kursleiarar:

Desse har vore kursleiarar (tal på kurs dei har vore kursleiar for står i parantes):

Arne Anderdal (5), Eli Storbekken (5), John Ole Morken (3), Johanne Mjøs (2)

Lærarar:

Førelasarar/instruktørar/konsert

Arne Anderdal, Johanne Mjøs, Astri Sudmann, Camilla Granlien, Martin Myhr, Alexander Røystrand, Jo Asgeir

Lie, Geir Egil Larsen, Sigrid Stubbsveen, Håkon Asheim, Eli Storbekken, Lars Fivelstad Småberg, Eilif Gundersen, Terje Støve, Hans Christian Dalgaard, Jørn Simenstad, John Ole Morken, Kirsten Bråten Berg, Anne Beate Guldahl, Jamie Lodberg, Sigurd Brokke, Åshild Vetrhus, Steinar Ofsdal, Gunnlaug Lien Myhr, Snialvúr Joanesarson, Stein Villa, Bendik S. Qvam, Solveig B. Hauknes, Lajla Renate Buer Storli, Silje Risdal Liahagen, Helga Myhr, Ole Nilsen, Kari Malmanger, Mari Midtli, Kristoffer Kleiveland, Halvor Håkanes, Åsmund Solberg, Irene Tillung, Magni Rosvold, Bjørn Kåre Odde, Unni Boksasp, Helga Jakobsen, Hilde Fjerdingsøy, Stina Brandin, Grete Skarpeid, Ingeborg Uleberg Sommer, Olav Luksengard Mjelva.

Studium i tradisjonsmusikk/folkemusikk

Dei siste åra har det vore færre søkjarar på tradisjonelle folkemusikkinstrument til studiet i utøvande tradisjonsmusikk, og i 2019 var desse instrumenta heilt fråverande frå søkjarlista. I 2020, derimot, kom det for første gong inn ein student på eit av dei eldste folkemusikkinstrumenta – Ingrid Fossum på langeleik. Ei historisk hending var det òg at vi for første gong tok inn to folkemusikkstudentar på det ordinære masterstudiet i utøvande musikk ved Griegakademiet / UiB. Tidlegare har OBA berre hatt fellesstudiet Nordic Master in Folk Music som tilbod på masternivå, men dei siste åra har det vore opning for å søkje det ordinære masterstudiet ikkje berre med klassisk, men òg tradisjonsmusikk eller jazz som sjanger. Året ga elles uventa utfordringar for både lærarar og studentar, når undervisning, prosjekt og eksamenar i periodar måtte gjennomførast digitalt, og nokre gonger avlyst.

Bachelorstudiet i tradisjonsmusikk

Tradisjonsmusikk er ei av fire studieretningar innafor Bachelorprogram i utøvande musikk/komposisjon ved Griegakademiet – Institutt for musikk, Universitetet i Bergen. Studiet hadde 9 planlagde vekessamlingar gjennom året. På januar-samlinga var det lagt inn ein offentleg føredragskveld med Audun Myskja om «Musikkens kraft», i samarbeid med Voss bibliotek, og dette arrangementet trekte mykje publikum og vart svært godt motteke. Dei to siste samlingane i vårsemesteret og den siste om hausten vart erstatta med digital undervisning pga. koronasituasjonen, og av same grunn kunne det ikkje haldast eksamenkonserter våren 2020.

- Studentar vidare frå 2019:
Johanna Bruun Arnesen (saksofon), Helene Reigstad (euphonium/lur), Espen Olaf Vestvik (saksofon), Mikael Hedne (vokal), Anja Savic Røed (vokal), Mathilde Skjæret (hardingfele), Ingrid Standal Sørheim (toradar), Jennifer Dos Santos (hardingfele)
- Nye studentar hausten 2020:
Ingrid Lingaas Fossum (langeleik), Vegard Hansen (toradar/trekkspele), Sigyn Sjølie Sandegren (vokal)

Det utøvande masterstudiet med tradisjonsmusikk som sjanger

Dei siste åra har det vore mogleg å søkje det ordinære mas-

terstudiet i utøvande musikk ved Griegakademiet / UiB med jazz eller folkemusikk som sjanger, og i 2020 var det for første gong to folkemusikksøkjarar på dette studiet:

Kristoffer Kleiveland og Johanne Løkenstgard Mjøs, som begge har bachelorgrad i tradisjonsmusikk frå OBA/GA. Dei har høvesvis Tom Willy Rustad og Vegar Vårdal som hovudrettileiarar, finansierte av OBA, og tok sine første deleksamenar i desember.

Konsertar og musikkinnslag med bachelor-/masterstudentane:

- Fleire lunsjkonsertar i Voss bibliotek
- Konsertar for Klausabakken barnehage i februar
- Streamingkonsert med avgangsstudent Ingrid Standal Sørheim i juni. Konserten vart arrangert av alle eksamenkonserterar ved UiB dette semesteret var avlyste pga. pandemien, og på denne måten fekk Ingrid framført delar av det planlagde eksamensprogrammet sitt.
- «Teaserkonsert» i Voss bibliotek onsdagen før Osafestivalen
- Konsert i Nain saman med folkemusikkstudentar frå Rauland og Norges Musikkhøgskole fredagen under festivalen, som avslutning på festivalseminaret leia av Berit Opheim og Gjermund Larsen
- Ingrid Sørheim og Sigyn Sandegren innleia med folkemusikktonar i UiB si julehelsing – ein musikkvideo med studentar og lærarar frå Griegakademiet.

Det nordiske masterstudiet i folkemusikk

Etter eit første semester ved KMH i Stockholm hausten før, hadde studentgruppa på fellesstudiet «Nordic Master in Folk Music» (NoFo) våren 2020 sitt andre semester i Esbjerg, og i haustsemesteret var dei i Helsinki. Våren 2021 skal dei ha 7 veker studiesamling på OBA i februar-mars og oppfølging ved heiminstitusjonane resten av tida. I studentkullet er det éin student frå Ole Bull Akademiet/Griegakademiet (Jan-nike Svensvik, fele/hardingfele), to frå Sibelius-Akademiet (Helsinki), to frå Syddansk Musikkonservatorium (Esbjerg) og éin frå Kungliga Musikhögskolan (Stockholm). Håkon Asheim representerer OBA i koordinatorgruppa for studiet.

Pandemien sette eit sterkt preg på desse to semestra for NoFo-kullet – i vårsemesteret måtte dei fleste reise frå Danmark då situasjonen forverra seg, og om hausten måtte òg



Studentane på bachelor og master ved oppstart i august 2020. Foto: Arne Anderdal

mykje av undervisninga skje digitalt, sjølv om det var eit lukketreff at Helsinki var ein av dei nordiske storbyane som hadde minst smitte. Semesterkonserten som studentane spelte der i desember vart overført digitalt til sensorane og andre interesserte.

Lærarar/førelesarar på bachelor- og masterstudia

Arne Anderdal, Sigbjørn Apeland, Håkon Asheim, Arngunn Timenes Bell, Synnøve Bjørset, Unni Boksasp, Knut Aastad Bråten, Ole Aastad Bråten, Hilde Fjerdingsøy, Aleksandra Fladaas, Terje Foshaug, Britt Pernille Frøholm, Per Anders Buen Garnås, Eilif Gundersen, Knut Hamre, Mikael Hedne, Arild Hoksnes, Tone Hulbækmo, Hans Fredrik Jacobsen, Marit Karlberg, Tom Karlsrud, Ronny Kjosen, Kristoffer Kleiveland, Tellef Kvifte, Geir Egil Larsen, Gjermund Larsen, Jo Asgeir Lie, Ruth Wilhelmine Meyer, Pär Moberg, John Ole Morken, Gunnlaug Lien Myhr, Audun Myskja, Odd Nords-toga, Steinar Ofsdal, Berit Opheim, Carl Petter Opsahl, Grete Pedersen, Tom Willy Rustad, Steinar Rygg, Marit Steinsrud, Eli Storbekken, Astri Sudmann, Anette Thorsheim, Elisabeth Vannebo, Stein Villa, Vegar Vårdal, Nils Økland.

Nordisk folkemusikkonferanse

Den årlege samlinga for utøvande folkemusikkutdanningar frå Norden og Baltikum skulle i 2020 ha vore arrangert av Centria University of Applied Sciences i Kokkola, Finland, i april. Dei fleste OBA-studentane var påmelde. Då Norden/Europa vart hardt ramma av korona-pandemien i mars, vart det bestemt å utsetje samlinga til april 2021.

OSAFESTIVALEN 2019

Osafestivalen vart arrangert helga 23.–25. oktober 2020 – få dagar før vi på ny opplevde nasjonale innstrammingar i høve smittevern. Trass i eit uføreseieleg år har Osafestivalen klart å levere ein svært vellukka festival med omsyn til program-mering og koronatilpassing. Festalen hadde det nest beste billettsalet i festivalen si historie. Heilårsscena Osascena har hatt jamt over god aktivitet innanfor sine rammer.

Organisasjon

Osafestivalen er frå 2019 organisert som eit veldedig AS og er ein sjølvstendig festival med Ole Bull Akademiet som eigar. Ole Bull Akademiet, Voss Spelemannslag, Voss Ungdomslag og Orkesteret Fossegrimen er arrangørar av Osafestivalen.

Vel 60 dugnadsmedarbeidarar var med på gjennomføringa i 2020.

Styret

Jo Asgeir Lie (styreleiar)
Terje Støve (vara styreleiar)
Tina Kjerland (styremedlem)
Sissel Lie (styremedlem)
Rannveig Djønne (styremedlem)

Ida Dyrkorn Heierland er dagleg leiar

Tilsette knytte til Osafestivalen

Ida Dyrkorn Heierland (dagleg leiar)
Steinar Ofsdal (kunstnarleg leiar)
Sissel Lie (festivalsekretær)

er alle tilsette ved Ole Bull Akademiet. Ofsdal og Lie har ein prosentdel av stillingane sine knytte til Osafestivalen. Etter årets festival gjekk Steinar Ofsdal av som kunstnarleg leiar. Ida Dyrkorn Heierland har teke over det kunstnarlege ansvaret i tillegg til den administrative leiinga av festivalen.

Programråd

Steinar Ofsdal (kunstnarleg leiar)
Jo Asgeir Lie (Ole Bull Akademiet)
Frode Thorsen (Fakultetet for kunst, musikk og design, UiB)
Alexander Aga Røyenstrand (Frilans folkemusikar)
Ingrid Standal Sørheim (Student Ole Bull Akademiet)
Ida Dyrkorn Heierland (Dagleg leiar Osafestivalen)

COVID-19 og festivalgjennomføring

COVID-19 situasjonen har gjort at vi har måtte tenkje nytt i høve rigg og gjennomføring. Vi har ikkje kunne teke i bruk dei små scenene på Voss som festivalen har brukt i alle år. Difor flytta vi i samråd med kommuneoverlegen heile festivalen til Voss idrettshall, med unnatak av nokre få konsertar. Idrettshallen var det einaste lokalet på Voss der vi kunne gjennomføre på ein forsvarleg måte samstundes som at vi kunne oppretthalde det nivået festivalen har hatt tidlegare år og oppretthalde allereie inngåtte avtalar med lokale leverandørar og artistar. Her låg det også til rette for ei evt. utviding av publikumstalet. Eit godt samarbeid med Voss Lyd og stimuleringsstøtte gjorde gjennomføring på eit slikt nivå mogleg. Det vart utvikla ein eigen smittevernplan og etablert ei særskilt smitteverngruppe til sjølv gjennomføringa.

Alle internasjonale artistar vart tekne ut av programmet pga innreiserestriksjonar. Koronasituasjonen gjorde også at vi stramma inn festivalen frå fire til tre dagar.

Satsingsområde 2020

Osafestivalen hadde fire særskilte satsingsområde:

1. Utvida satsing på born og unge

Festivalen initierte og gjennomførte for første gong eit eige tingsingsverk for born: «Reglebein, Reglebein». Prosjektet fekk støtte frå Norsk Kulturråd, Vestland Fylkeskommune, FFUK og Voss Sparebank. Tingsingsverket hadde urpremiere laurdag 24. oktober, og responsen frå publikum og meldarar har vore svært gode. Dette er verkeleg noko å satse vidare på. Ballade skriv i si konsertmelding: «Med utgangspunkt i tradisjonelle regler har ensemblet bak bestillingsverket «Reglebein, Reglebein» skapt et fyrverkeri av en konsertforestilling (...) Verket kan trygt sies å være i tråd med Osafestivalens credo: at folkemusikken skal få møte og bryne seg på andre musikkformer. Mens den ene foten står i folkemusikken, er den andre dansefoten innom både vals, calypso, blues og utallige andre sjangre.» Osafestivalen hadde også fire forestillingar av martionetteteateret «Den felespelende grashoppa» på programmet, eit samarbeid med «Fiddlesticks – eit fabelaktig figurteater», og familiekonserten «Spellstenen».

Også UngOsa-kurset festivalen arrangerer i samarbeid med Hardingfela.no måtte i år tilpassast koronasituasjonen. Kurset er ope for unge hardingfelespelarar, toradarspelarar, songarar og dansarar frå sju år og oppover. Dei siste fire åra har kurset vore ei helgesamling, men i år gjennomførte vi ei dagssamling på Ole Bull Akademiet under Osafestivalen. 35 unge hardingfelespelarar, toradarspelarar, songarar og dansarar frå sju år og oppover deltok. I 2017 var det 46 deltakarar på kurset, i 2018 var talet 58 og i 2019 46 deltakarar. Deltakarane fekk også sjå tingsingsverket «Reglebein, Reglebein» og hadde sin eigen konsert/sjokoladeappleik.

Lærarar i år var:

Marie S. Toppe (hardingfele)
Johanne L. Mjøs (hardingfele)
Johanna Mjeldheim (hardingfele)
Torkjell L. Børshem (dans)
Kristoffer Kleiveland og Anette Torsheim (toradar)
Kjersti Wiik og Hilde Gjerstad (kveding)



Steinar Ofsdal hadde avslutningskonserten på Osafestivalen 2020. Foto: Knut Utler.

Alle utvida planar for familieprosjektet «Musikalsk prøve-rom på torget» (initiert i 2019) vart diverre avlyste av omsyn til smittevernet.

2. Utvikle festivalen som arena for kunnskapsformidling

Osafestivalen etablerte i 2019 ein ny arena for kunnskapsformidling under namnet «Meistertimen». Der skal publikum få innblikk i kunnskaps- og tradisjonsoverføringa som ligg i folkemusikktradisjonen. Målet her er å opne opp for refleksjonar over kva som skjer i eit personleg møte mellom studentar og ein meister som er «berar» av og formidlar av tradisjonsmusikken. I 2020 vart publikum tekne direkte inn i den munnlege overleveringstradisjon der Berit Opheim jobba med tre songstudentar. Her var det instruksjon i stil, tradisjon, tekstforståing, tekstuttale/diksjon, undertekst/tolking, stemmebruk og pusteteknikk. Folkesong som kommunikasjonsform og kunnskap om variasjonar, fornying og utvikling stod sentralt.

«Osamæle», først prøvd ut i 2019, kan etter 2020 seiast å ha slått rot i festivalprogrammet. «Osamæle» er eit konsertforedrag der musikarar får dele sine røynsler og kunnskap frå folkemusikk og omliggjande sjangrar. I år spurte vi: Korleis var det eigentleg å vere framstormande kvinneleg felespelar på 80- og 90-talet og inviterte Annbjørg Lien til å fortelje si historie. Gjennom snart 40 år som folkemusikar har Annbjørg Lien kombinert tradisjon, innovasjon og kulturell brubygging i eit mangfaldig kunstnarisk verke. Slik følgde «Osamæle» opp debatten «Spelemenn og små, fine jenter: om språkbruk, kjønn og presentasjon i folkemusikken» under Folkelarm på Riksscenen i november 2019. Osamæle 2020 var særskilt støtta av Fritt Ord og NOPA.

Det vart gjennomført to smittevernvenlege lynkurs i song og seljefløyte i løpet av festivalhelga.

3. Løfte fram solospel, historieformidling og dans

Den nye kaféscena «Bjølleslått» på Tre Brør, initiert i 2019, kom i år att i ny drakt i Voss idrettshall under tittelen

«Pils med Nils». Scena er eit samarbeid med Avis Hordaland der kulturjournalist Nils Kvamsdal inviterer til gode samtalar og historiefremføring i sofaen og solospel av beste klasse. Programposten vart også utvida med «Late Night Nils» fredag og laurdag. I tillegg har festivalen styrka talet på solokonsertar/-innslag i programmet: Annbjørg Lien, Steinar Rygg, Per Anders Buen Garnås, Alexander Aga Røynstrand, Tuva Syvertsen, Steinar Ofsdal, Frode Haltli hadde alle solokonsertar i løpet av helga.

Med programposten «Urtonen» (initiert i 2019), der ein bestillingskonsert for fire langeleikar stod på programmet, har Osafestivalen teke eit steg mot fleire formidlande konsertar på programmet.

Denne satsinga skal vi halde fram med.

Dans skulle i 2020 vere ei særskilt satsing på festivalen. På grunn av koronasituasjonen måtte den store danseforestillinga «Dei gamle er eldst» diverre utsettast til 2021. Men publikum fekk med seg både tingsverket «Reglebein, Reglebein», som er fylt med folkedans, og dansefilmen «Kalde Mønster» på Voss kino.

4. Løfte teknisk produksjon

Osafestivalen ville styrke den tekniske produksjonen i 2020, og koronasituasjonen ga oss verkeleg høve til å prøve ut nye scener og ein heilt ny teknisk rigg. Vi tek med oss desse erfaringane vidare og vil halde fram med å utvikle eit eige lysdesign for Osafestivalen i 2021.

Fagseminar

På seminaret «Med fokus på folkesongen» torsdag-fredag deltok 29 studentar: ni frå USN Rauland, ni frå OBA og 11 frå NMH. Instruktørane Berit Opheim og Gjermund Larsen presenterte vokalstoff frå sine repertoar. Dette vart innstudert og arrangert for heile/delar av studentgruppa, songarar og instrumentalistar og framført på den avsluttande konserten i Nain fredag føremiddag. Seminarkonserten var eit samarbeid med Voss Sparebank – eit svært godt samarbeid vi har hatt over mange år.

Artistar/grupper under festivalen

Helga Myhr tingsverket «Andsyning» / Gjermund Larsen trio / Stein Torleif Bjella med band / Bukkene Bruse: Annbjørg Lien, Arve Moen Bergset & Steinar Ofsdal / Hans

Martin Austestad, Belinda Braza, Silje Onstad Hålien & Nina Fjeldet: tingsverket «Reglebein, Reglebein» / Catharina Chen, Sara Chen & Ole Christian Haagenrud / Osamæle: Annbjørg Lien / Frankenstein: Anders Røine, Rasmus Kjørstad, Kenneth Lien & Anders Hana / Tuva Syvertsen / Per Anders Buen Garnås / Alexander Aga Røynstrand / Sudan Dudan: Anders Røine & Marit Karlberg / Avant Folk kvintett: Frode Haltli, Erlend Apneseth, Oddrun Lilja Jonsdottir, Hans P. Kjørstad & Fredrik Luhr Dietrichson / Naaljos Ljom: Anders Hana & Morten Joh / Resjemheia: Mattis Kleppen, Ottar Kåsa & Kenneth Kapstad / Spellstenen: Eli Storbekken, Frode Haltli, Terje Isungset & Ellen Brekken / Steinar Rygg / Meistertimen: Berit Opheim / Michaela Antalová / Malin Alander / Adrian Myhr / Sondre Meisfjord / Irene Tillung / Knut Ålefjær / Andreas Utnem / Silje Risdal Liahagen / Tuva Færden / Jon Bugge Mariussen / Espen Wensaas / Geir Sundstøl / Eirik Øien / Christer Knutsen / Thomas Hylland Eriksen / Benedicte Maurseth / Torkjell Lunde Børshem / Nils Kvamsdal / Karin Augusta Nogva / Ruth Lillegraven / Jo Asgeir Lie / Håkon Asheim / UngOsa / Studentar frå NMH & Ole Bull Akademiet / Juniorklubben & Voss kulturskule / Voss Spelemannslag / Bygda Dansar / Fiddlesticks – eit fabelaktig figurteater».

Marknadsføring

Festivalen har hatt eit godt trykk på marknadsføring gjennom sosiale medium gjennom heile året, men har heile tida måtte ta omsyn til koronasituasjonen og den usikkerheita vi har hatt. Vi brukte difor minimalt med marknadsføringskroner heilt til festivalhelga var ganske nær. Av smittevernomsyn har vi ikkje trykt og distribuert festivalprogram i 2020. Det vart i staden produsert enklare programhefte med sponsor/støttespelar-logoar for kvar programdag. Plakatdistribusjon og annonsering i lokale aviser var som normalt. Avis Hordaland hadde livesending frå «Pils med Nils» / «Late Night Nils» fredag og laurdag. Det vart gjort råopptak i 2020 til ein planlagt festivalteaser som kjem på nyåret i 2021.

Økonomi

Av smittevern- og ressursomsyn selde vi berre festivalpass og dagspass til årets festival med unntak av einskilddillettar til nokre få konsertar som låg utanfor Voss idrettshall. På denne måten fekk vi få kohortar å halde kontroll på. Det totale billettsalet vart det nest beste i festivalen si historie. Koronasituasjonen gjorde at nokre av dei mindre sponsorane diverre takka nei til å støtte oss i 2020, slik at dei samla sponsorinn-

tektene vart mindre enn venta. Gjennomføring innanfor det gjeldande smittervenreglementet har krevd auka utgifter til leige av lokale, teknisk rigg og tilrettelegging for eit godt smittevern. Festivalen har fått tilsegn om stimuleringsmidlar frå Norsk Kulturråd og koronastøtte frå Voss Herad.

Tal konsertar og publikum

I løpet av festivalhelga vart det gjennomført:

- 25 konsertar (av desse to gratiskonsertar, to familieførstillingar, to tingingeverk)
- 2 lynkurs i song/seljefløyte
- 1 kunstutstilling i samarbeid med Voss kunstlag
- 1 dagskurs UngOsa i samarbeid med Hardingfela.no
- 2 framsyningar av dansefilmen «Kalde Mønster» i samarbeid med Voss Kino
- 1 folkemusikk show/ættestup konkurranse i Vossabadet i samarbeid med Vossabadet, Freestyleklubben og turngruppa på Voss.
- 4 framsyningar av «Den felespelande grashoppa» i samarbeid med «Fiddlesticks - eit fabelaktig figurteater».

Gjeldande maxtal på publium var 200 personar. For å sikre god kontroll innafor dei ressursane festivalen har, la vi oss på ei ordning med 200 publikummarar/pass pr dag pluss enkelthilletter til familiekonsertane og «Meistertimen» som vart gjennomførte i andre konsertlokale. Sundagen fylte vi opp med frivillige då det var noko ledig kapasitet.

Festivalen hadde totalt 782 besøkande inkl. 63 personar på «Mat, Musikk og Vin» og 150 fribilletter til frivillige og UngOsa deltakarar gjennom helga og 331 selde dagspass og 54 selde festivalpass. Det var ikkje gjesteliste på festivalen i år.

OSASCENA

Osascena er Osafestivalen si heilårs akustiske musikkscene med normalt fast tilhaldsstad på Tre Brør Bar på Voss. I 2020 flytta scena inn i Osasalen av smittevernomsyn. Scena er eit samarbeidsprosjekt mellom Osafestivalen, Voss Spelemannslag og Ole Bull Akademiet, der Osafestivalen er økonomisk ansvarleg og står for den daglege drifta som omhandlar booking, marknadsføring, økonomi og andre praktiske gjeremål. Scena har hatt ei nemnd på fire personar i 2020 som har fungert som programråd og arbeidskraft til den praktiske gjennomføringa.

Nemnda for Osascena

Arne Anderdal

Lars Gjelland

Ida Dyrkorn Heierland (dagleg leiar)

Kari Finne Sognnæs

Program og publikumstal

Koronasituasjonen har gjort at det planlagde årsprogrammet til Osascena har blitt justert undervegs. Trykket og breidda i marknadsføringa har vore lågare enn i eit normalår, men vi har likevel klart å levere fleire strålende konsertopplevin- gar og fått god lokal pressedekning gjennom året. Profilen til Osafestivalen har vore tydeleg i all marknadsføring av Osascena.

18. mars: Maria Jordalen (toradar) // Molsky's Mountain Drifters på Osascena – avlyst

28. mars: «SNORK» familieførstilling – utsett

21. april: Snialvur Joanesarson (song) // Hazelius/Hedin – utsett til 13.4.2021

6. juni: Håkon Asheim, hardingfele & Nils Henrik Asheim, klaver: «Crossing Grieg» (26 pers)

16. juni: Djonne&Børsheim (54 pers.)

8. september: Benedicte Maurseths HÁRR (26 pers)

20. september: Osascena på 4 hjul vitjar Djonno: Odde/Nils- sen (25 pers.)

6. November: Marja Mortensson Duo – utsett til 18.2.2021

Totalt antal publikummarar på Osascena i 2020: 131. Det har vore eit lågt maxtal på antal publikummarar i Osasalen fom mars 2020. Det har ikkje vore gjesteliste på Osascena dette året, men vi har opna opp for tilsette ved Ole Bull Akademiet ved ledig kapasitet.

FELEMAKARVERKSTADEN

Felemakarverkstaden ved Ole Bull Akademiet er ein viktig del av drifta ved akademiet. Verkstaden utfører ei rekkje oppgåver, der m.a. vedlikehald av instrument, bygging av nye hardingfeler og formidling av hardingfelemakartradi- sjonen til studentgrupper og andre interesserte er mellom oppgåvene. Felemakarverkstaden er også heilt sentral for

å kunne tilby utdanning i hardingfelemakarfaget. Wiebke Lüders og Lukas Pawelka er tilsett i felemakarverkstaden i meldingsåret.

Felemakarverkstaden ved Ole Bull Akademiet var representert på konferansen ICOM CIMUSET og CIMCIM i Paris i februar 2020. Tema for konferansen var korleis instrument har ulik funksjonalitet som museumsgjenstandar, både som objekt og som spelande instrument.

I februar starta Hardingfela.no opp tilbodet Morgondagens felamakarar (sjå meir under Hardingfela.no). Prosjektet vart, som alt anna, stansa når koronapandemien stengde samfunnet, men starta opp att i september. Seks elevar får opplæring i korleis ein skal bygge ei hardingfele.

Felemakarverkstaden var også på utvekslingsbesøk til Ottar Kåsa og felemakarverkstaden hans i februar.

I tillegg til reparasjonar av ulike strengeinstrument, har Wiebke Lüders også bygd ferdig ei ny hardingfele. Her blandar ho dekorelement frå hardingfeletradisjonen med tysk barokkdekorasjon, inspirert av den tyske instrumentprodusenten Joachim Tielke.

Lukas Pawelka har i tillegg til reparasjonsarbeid og restaurering av instrument, arbeidd med CNC-fresen, der felemakarverkstaden tek oppdrag for andre bedrifter på Voss.

HARDINGFELA.NO

Gjennombrot i 2020

Det store gjennombrotet for hardingfela.no i 2020 var at ein kom på statsbudsjettet f.o.m. 2021 med kr. 800 000 i årlege driftsmidlar. Vi er ikkje heilt i mål økonomisk, men løyvinga på statsbudsjettet er ei anerkjenning av arbeidet som er gjort, og det vil seie at arbeidet med Hardingfela.no kan fortsetje. To arbeidsplassar er sikra innan folkemusikk og folkedans.

Som for alle har det vore eit tøft år med mange planlagde aktivitetar som har vorte avlyste og utsette. Men kanskje pga. covid 19 så har vi fått brukt meir tid på å få eit endå tettare samarbeid mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum. Samstundes har vi jobba meir strategisk og med

synleggjering av det vi driv på med opp mot politikarar og organisasjonar. Vi har også evaluert hardingfela.no og lagt vegen vidare.

Organisering

Prosjektet er eigd av Hardanger og Voss Museum og Ole Bull Akademiet. Rannveig Djønne er dagleg leiar for hardingfela.no, medan Magni Rosvold er fagkonsulent for dans.

Rådet for hardingfela.no bestod i 2020 av Arne Jordan frå Hardanger Spelemannslag, Lars Gjelland frå Voss Spelemannslag, Silje Solberg frå Hordaland Folkemusikklag, Øystein Rambjør frå Hordaland Ungdomslag, Wenche Gausdal frå Hordaland Fylkeskommune, Randi Bårtvedt (til 29. februar), Åsmund Kristiansen (frå 1. mars) frå Hardanger og Voss museum og Jo Asgeir Lie frå OBA. Frå og med 2021 vil rådet bli endra til å ha eit større regionalt fokus på Vestland fylke og kjem til å bestå av representantar frå Hordaland folkemusikklag, Sogn og Fjordane folkemusikklag, Hordaland ungdomslag, Sogn og Fjordane ungdomslag, Førdefestivalen, Osafestivalen og eigarinstitusjonane.

Ulike underprosjekt

Nøringen. Kulturskuletilbod i alle Hardangerkommunane og på Voss med kulturarv som tema og folkemusikk og folkedans som den raude tråden. Etter pilotåret 2018/2019 som var initiert av Hardingfela.no så var det opp til dei ulike kommunane om dei ville fortsetje med Nøringen i sine egne budsjett. Desse har fortsatt: Voss herad (2 grupper. Ei for nye Nøringar og ei for dei som har gått eit år), Kvam herad (2 grupper, ei i Norheimsund og ei i Strandebarm), Ulvik herad (ei gruppe), Ullensvang herad (har fortsatt med opplegg i barnehagane). Eidfjord freistar å få til opplegg i barnehagen. Ein ser at rekrutteringa til t.d. kveding, trekkspel og hardingfele har auka på Voss. Attåt så har m.a. Sunnfjord museum starta eit liknande opplegg i samarbeid med Sunnfjord kulturskule og initiativtakarar i Groruddalen i Oslo er i gang med det same. Mange tek kontakt for å vite meir om Nøringen.

Nøringenborn frå Voss og Granvin var også med og song for kutlurminister Abid Raja på Mølstertunet 19. juli

Hardingfela.no skulle fylgje opp Nøringen ved å ha m.a. kurs i lokale barnesongar og songleik for barnehagelærarane i regionen. Pga. covid 19 så kunne me ikkje gjennomføra



Kulturminister Abid Raja fekk lynkurs i vossaspringar på Voss Folkemuseum. Foto Kjell Herheim.

dette. I staden for så har me i samarbeid med Berit Opheim oppretta songkanalen «Nøringen – Syng med Berit» og har vore kring på bygdetunet i Granvin, Agatunet, Dagestadmu-seet, Kabuso og Haugesenteret og filma kring 60 opplærings-videoar med songar frå Hardanger/Voss som ligg tilgjengeleg for alle som vil læra seg dei. Eit populært tilbod i barnehagar, skular og heimar. Me laga også ein jolespesial med jolesongar frå Vestland fylke. I 2021 skal me fylgje opp dette med å filma songleikar med Astri Sødman «Nøringen – leik med Astri».

Morgondagens felemakarar

I samarbeid med felemakarverkstaden på Voss så fekk vi i 2020 i gang Morgondagens felemakarar. 6 born og unge frå Hardanger og Voss hospiterar på felemakarverkstaden 2 timar i veka, og i løpet av 3 år så skal dei ha laga si eiga hardingfele. Nokre halvferdige delar til felene er kjøpt inn frå felemakar Ole Gjerde. Arbeidet kom godt i gang før nedsten-ginga av landet i mars og har teke opp att tråden i dei tidspe-riodane vi har fått lov til det. Morgondagens felemakarar har

fått stønad både gjennom Norsk Kulturråd, Vestland fylke og lokal stønad frå Voss herad og Sparebanken Vest.

Konsertar

Trioen Felefyllgje som har hatt konsertar i museumstuna m.m. i regi av hardingfela.no frå 2016–2018 vart i 2019 erstatta av solokonsertar med utøvarar knytt opp mot dei ulike museumsavdelingane i juli månad. Pga. dårleg øko-nomi i Hardingfela.no i 2020 ynskte museumsavdelingane å freista å fortsetje med solokonsertar der unge utøvarar skulle ha ein kombinasjonsjobb med å vera vertskap i tuna og utø-varar. Pga. covid 19 tilsatte ikkje museet sommarhjelpar, så i 2020 var det ikkje musikk i tuna. No er Felefyllgje tilbake i budsjettet til hardingfela.no og i 2021 skal igjen Jonas Laupsa (hardingfele) spela på Hardanger Folkemuseum, Agatunet og Skredhaugen, Siri Nordgård (toradar) skal spela på Mølster-tunet og Ingrid Standal Sørheim (toradar) skal vera tilknytt Hardanger Fartøyvernssenter og Storeteigen.

Hardingfela.no inviterte kulturminister Abid Raja på besøk, og 19. juli kom han på besøk med familien sin til Mølstertunet. Han fekk vera med på springarkurs og fekk sjå og høyre song frå Nøringenborn, spel frå unge hardingfelespelerar frå Voss og flotte innslag med lur og halling.

Sekretariat for Vestland fylkeskommune sine folkemusikk og folkedansstipend

Hardingfela.no har dei siste åra vore sekretariat for Hordaland fylkeskommune sine folkemusikkstipend. Vestland fylke har vidareført ordninga og hardingfela.no er framleis sekretariat for nemnda som innstiller til stipendvinnarar. Årets vinnarar var Steinar Rygg (kr. 60 000), Johanne L. Mjøs (kr. 25 000) og Maria S. Toppe (kr. 25 000)

Ulike tiltak innan danseopplæring som anten har vorte gjennomført eller utsett

- Oldefars Dansemoves. Planlagde aktivitetar for 2020 var m.a. å ha kveldsopplegg på Dagestadmuseet, Kabuso og Hardanger folkemuseum. Dette er utsett.
- Open dag på Ole Bull Akademiet (28.mars). Utsett.
- Dansens dagar, på Voss (24.–26.april). Utsett
- Koreografiarbeid i samarbeid med danselærar på MDD-lina ved Voss gymnas (3 undervisningstimar. Berre to av desse timane vart gjennomført. Siste timen vart utsett grunna koronapandemien).
- Dans med 2.klasse musikk ved Voss gymnas. Utsett.
- Dans med Voss idrettskule i samarbeid med Voss spelemannslag (januar).
- Dansekurs for vaksne i samarbeid med Voss spelemannslag og Voss ungdomslag (3 kveldar). Den siste av desse tre kurskveldane (24.mars) vart utsett, då den skulle finna stad etter at Noreg vart stengt ned 12.mars

Samarbeid med andre og div. møter/presentasjonar

- Med Hardanger Folkemuseum om utstillinga «Musea dansar» som opna på Utne 6.desember
- Master Class Hardanger – hardingfele, med Knut Hamre som hovudlærar. Knut Hamre har teke over ansvaret for organisering og finansiering av Master Class Hardanger, men vi samarbeider i høve marknadsføring m.m.
- Norsk senter for folkemusikk og folkedans om Bygda dansar Hordaland – hardingfela.no sit i referansegruppa til prosjektet som ein av tre lokale søkarar.
- Bergen dansesenter og BIT Teatergarasjen om arrangement under årets Oktoberdans

- Voss gymnas, MDD-lina, om opplegg i dansetimane i samarbeid med danselærar, og for 2.klasse musikk.
- Filmselskapet AS om felespelerar, dansarar og rådgjeving/bistand i høve musikk og dans til kortfilmen «Hold meg».
- Samarbeid med ulike kommunar i Voss/Hardanger i høve førebunde arbeid om utviding av distriktmusikarordninga
- Deltaking på det nasjonale samrådsmøtet for folkedansen (to møter årleg)
- Besøk av og presentasjon for utvalsleiar, hovudutval for kultur, idrett og integrering, Stian Jean Opedal Davies, på Voss folkemuseum (18.august)
- Besøk av og presentasjon for stortingsrepresentantar Sp (Nils T. Bjørke, Kjersti Toppe, Åslaug Sem-Jacobsen med rådgjevar Aisha Naz Bhatti), på besøk på Ole Bull Akademiet 4.september.

ULIKE SAMARBEIDSFORA

Griegakademiet – Institutt for musikk er den institusjonen OBA har det mest omfattande samarbeidet med. Studietilboda på bachelor og masternivå er ein viktig del av dette. I tillegg omfattar samarbeidet ei rekkje tiltak og samarbeidsformer::

- økonomisk samarbeid som gjeld fordeling av resultatbudsjett for avlagde eksamenar
- det generelle tilskotet til OBA frå UFD blir utbetalt av UiB
- UiB er representert i styret for Akademiet og programråd for Osafestivalen
- felles undervisningsopplegg og seminar
- Arne Bjørndals samling ved Griegakademiet – Institutt for musikk fungerer som viktig tradisjonsarkiv og samarbeidspartnar for Ole Bull Akademiet.

Samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske høgskulane som har utøvande folkemusikk på studieplanen, held fram. Den nordiske folkemusikkonferansen til Nordtrad – The Higher Education Network of Traditional Music – skulle i 2020 vore arrangert av Centria University of Applied Sciences i Kokkola, Finland, men vart avlyst på grunn av koronapandemien (sjå eigen omtale).

Sidan 2009 har Griegakademiet og OBA vore med i mastergradsamarbeid med tre av Nordtrad-institusjonane. Ole Bull Akademiet er med i Musikknett Vest, eit nettverk

for musikk institusjonar på Vestlandet som arbeider med utøvande og pedagogisk utdanning, forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Voss Spelemannslag er fast musikalsk bidragsytar på kursa, og leiger i tillegg øvingslokale av Kringsjå AS.

Akademiet samarbeider med Liv Bernhoft Osa og Per Gørvell, eigarane av kunstnarheimen Sævelid, om bruk av konsertsalen i samband med kurs og som konsertarena under Osafestivalen. Vi har også samarbeid med Voss Folkemuseum om omvisning for studentane våre på museet.

GJESTEFØRELESINGAR, KONSERTAR, STUDIETURAR, REPRESENTASJON I 2020

Jo Asgeir Lie

- har vore OBA sin representant i styringsgruppa for Hardingfela.no
- Har, saman med Håkon Asheim, vore ein av hovudlærarane for folkemusikk valfag ved Griegakademiet
- er styremedlem i Stiftelsen Lillehammer Museum
- er styremedlem i Musikkutstyrsordningen
- var jurymedlem i Ungdommens musikk mesterskap
- sit i styringsgruppa for Lyden av Voss- prosjektet
- har halde førelsingar om samspelet i norsk folkemusikk for bachelorstudentane ved Ole Bull Akademiet
- har halde førelsingar om samspelet i norsk folkemusikk for masterstudentane ved Ole Bull Akademiet
- har vore hovudinstrumentlærar for ein bachelorstudent
- var hovudinstrumentlærar for ein av Nordic Master-studentane
- Spela inn musikk for Trall- Oslo Met sin nye app til formidling av musikk til born og unge
- Fekk urframført *Traces of Tradition* – sonata for accordion duo, som var tinga av Storm Duo
- Var med å framføre verket *Kvinnene i loftet* i Vangskyrkja
- Arrangerte og komponerte musikk til to TV-sende gudstenester frå Madlamark kirke
- Komponerte og urframførte verket *Noko vil alltid lysa* til opninga av Sprang dansescene, Ål kulturhus 22. mai (digital opning)
- har komponert musikk til Sommarfuglar, ei DKS-framsyning tinga av Ål kommune

- har, saman med folkemusikkgruppa Kvarts, samarbeidd med Jonas Fjeld, med konsertar på Rudi Gard og Ål kulturhus
- har spela fleire konsertar, både solokonsertar og saman med Signe Lygre Førre
- Mange konsertar m.a. med Kvarts har blitt avlyst og/eller flytta til 2021 grunna koronapandemien
- har framført Folkemusikkmesse frå Ål i Ål kyrkje (to digitale gudstenester under korona nedstenginga, og ei fysisk gudsteneste)
- var produsent for soloplatå til Mads Erik Odde, Logne slåttar, ein produksjon som fekk Folkelarmprisen for 2020 i klassen solo
- var, saman med Erlend Styve, kurator for den årlege skippingskonserten som Voss sparebank etter planen skulle ha skipa til 15. november (avlyst/utsett til 2021)

Håkon Asheim

- Deltok i koordinatormøte og sat i eksamensjury for studiet Nordic Master in Folk Music. Møta vart haldne digitalt pga. pandemien, og eksamenskonserten i Helsinki i desember overført digitalt av same grunn.
- Sat som fast medlem i programstyret for dei utøvande bachelor- og masterprogramma ved Griegakademiet, som studietilboda våre høyrer inn under
- saman med Berit Opheim og Jo Asgeir Lie, organiserte og underviste i valfaget Folkemusikkutøving på Griegakademiet, som OBA har laga plan for. 5 studentar avslutta emnet våren 2020, og 9 nye studentar starta opp om hausten.
- Heldt konsert på Osascena 6. juni saman med Nils Henrik Asheim, der dei presenterte samarbeidsprosjektet «Crossing Grieg», med utgangspunkt i Griegs Slåtter op. 72
- CD-en «Ketil Hvoslef – Chamber Works No. VI», der Asheim medverkar på «Hardingtrio» saman med Hilde Haraldsen Sveen og Einar Røttingen, vart nominert til Spellemannspris
- arbeidde med bok om Sigvald Rørlien med tanke på dokumentasjon av hans måte å byggje hardingfeler på
- hadde diverse oppdrag som muskar

Arne Anderdal

- sit i styringsgruppa for Osascena, samarbeid mellom Osafestivalen og Voss Spelemannslag om konsertar året rundt på Voss.
- vitja alle 5. klassar på Voss, og har hatt to timar for kvar

klasse med folkedans/folkemusikk gjennom DKS.

- er musikalsk leiar i Voss Spelemannslag, samt skrivar i styret til laget.
- har med gruppa Baljelaugst spelt på bluesfestival i Ulvik, Fauskivalen 2020, streamingkonsert hjå Voss Lyd og konsert på Ole Bull scene i Bergen. Gruppa laga og ein nettversjon av Vossasongen brukt til 17. mai på Voss gjennom Avis-Hordaland.
- hatt fleire konsertar med songar/gitarist Olav Undeland på Voss Sjukeheim og Vettleflaten Omsorgssenter.

Wiebke Lüders

- Wiebke fullførte arbeidet med ei ny hardingfele, der ho blanda norsk hardingfeledekor med tysk barokk-dekorasjon - inspirert av den tyske instrumentmakaren Joachim Tielke)
- Dette er den andre av to «syster-fele», den fyrste hadde eit utskore kvinnehovud, medan den nye har eit utskore mannshovud
- utfører reparasjonsarbeid på hardingfeler, fiolar og bogar
- Har innleia eit samarbeid med Ringve museum om formidling av hardingfelemakeri
- Hadde utframføring og fleire framsyningar med mario-netteframsyninga «Den felespelende grashoppa»

Lukas Pawelka

- Har arbeidd med utvikling å utvikle bruken av CNC-fresen
- Lage gripebrett og stemmeskruer ved hjelp av CNC-fresen
- Har gjort det meste av førebuingarbeidet til Morgondagens felemakarar
- Utfører bestillingsoppdrag frå arkitektfirmaet BRUKET på Voss.
- Reparasjonar og oppsett av hardingfeler, fiolar og gitarear.
- Han restaurerte ei hardingfele av Asmund E. Sandland
- Arbeider med å lage en gitar med dobbel hals.

Berit Opheim

- Framførte Draumkvedet fire gonger: 1) Oslo domkyrkje saman med Concorium vocale, Nils Økland og Rolf

Lislevand, 2–3) saman med Lajla Storli i Kinsarvik kyrkje og Agatunet 4) Sandviken kyrkje saman med studentar frå OBA; Anja Savic Røed og Mikael Hedne

- Medverka på konserten «Kvinnene i loftet», historiske tekstar om Finnesloftet på Voss.
- Song Helligkvad av Lasse Thoresen på samtidsfestivalen Njordbiennale i København
- Tidekverv-konsert i Linz
- Sjukeheimskonsertar saman med messingkvintetten «Bris» i Bergen.
- Innspeling av songar til «Syng med Berit», lærevideoar i regi av Hardinfela.no
- Konsert på Rudi gard saman med Mari Midtli
- Oslo Griegfestival, folketonar som Grieg har bruka m.a. i opus 64
- Klangfestivalen, Veøy, 4 konsertar saman med m.a. Kåre Nordstoga og Karl Seglem
- Hengekøyekonsertar på Fløyen saman med Bodil Lunde Rørtveit og Benedicte Maurseth
- Solist med Krohnengen brass band, Bergen
- Konsertar med Hildo, Voss og Tønsberg
- Konsertar i Kongsberg og Bergen med Gjermund Larsen, Tord Gustavsen og Borg vokalsemble
- Osafestivalen; ansvar for studentseminaret saman med Gjermund Larsen, Meistertimen saman med tre studentar, pluss miniseminar
- Ei rekkje konsertar vart avlyst grunna koronapandemien, m.a. konsertar med Hildo i Oslo, Øystese og Lærdal
- Har arbeidd med eit stort forskningsprosjekt:

Vossasong-prosjektet:

- Målet med dette store arbeidet er å gje ut alt av vokal tradisjonsmusikk i Vossabygdene. Ho har i 2020 sunge inn omlag 100 folketonar. Tom Karlsrud har vore lydteknikar, og innspelingane har blitt gjort i Vangskyrkja og på Dagestadmuseet.
- Det er eit svært stort materiale, og dei innspelingane som er gjort til no, inneheld mange barnesongar av ulikt slag.
- I tillegg har ho sunge inn omlag 10 slåttestev/slåttar etter m.a. Ola Mosafinn som ho har henta frå notenedskrifter etter Arne Bjørndal.

- Likeeins har det blitt spela inn 23 ulike ballademelodiar til 18 ulike balladar, der 6–7 av dei er frå lydarkiv og dei andre frå notenedskrifter av Olav Sande.
- Ho har også henta fram omlag 30 salmemelodiar frå O. Sande-samlinga som skal spelast inn i januar 2021.
- Det er eit tidkrevjande arbeid å finna tekstar til alt materialet, då det ofte er berre eitt vers som er nedskrive på dei eldre notene. I dette arbeidet har ho hatt kontakt med fyrsteamanuensis Sigbjørn Apeland ved Arne Bjørndals samling (UiB). På Arne Bjørndal samling har ho også plukka ut arkivopptak som skal publiserast på utgjevinga.

HEIMESIDE

På heimesida www.olebull.no finst informasjon og timeplanar for kurs og anna studieinformasjon. I tillegg inneheld sida informasjon om Ole Bull Akademiet og Kringsjø AS. Felemakarverkstaden har i tillegg eiga heimeside www.felemakeriet.no.

ARBEIDSMILJØ, SJUKEFRÅVER

Styret reknar arbeidsmiljøet i stiftinga som tilfredstillande. Det har ikkje vore sett i verk spesielle tiltak i driftsåret. Sjukefråværet har lege godt innanfor det normale. Ein har ikkje registrert skadar eller ulykker hjå dei tilsette i driftsåret.

LIKESTILLING


Det er i meldingsåret 7 kvinner og 7 menn tilsett ved Ole Bull Akademiet.


ANDRE TILHØVE

Styret har ikkje kjennskap til at stiftelsen er involvert i verksemd som medøfrer forureining av det ytre miljøet.


Voss, den 14. februar 2020
I styret for Stiftelsen Ole Bull Akademiet



Terje Sløve
styreleiar


Irl Schau Johansen
nestleiar


Frode Thorsen
styremedlem


Magne Espeland
styremedlem


Sigbjørn Hauge
styremedlem


Håkon Ashelm
styremedlem

RESULTATREKNESKAP


Driftsinntekter	note	2020	2019
Inntekt av kursopphald		463 400	517 600
Tilskot frå Voss Kommune		145 000	145 000
Tilskot frå fylke		378 000	635 000
Tilskot frå UFD		2 780 000	2 700 000
Tilskot frå Kulturdepartementet		6 150 000	5 990 000
Diverse inntekter, tilskot, gåver		560 726	560 194
Sum driftsinntekter		10 477 126	10 547 794
Honorar innleigde tjenester	2	968 164	1 179 281
Lønn, feriepengar	2	4 536 073	4 733 002
Arbeidsgjevaravgift, sosiale kostnader	2	1 173 859	1 104 399
Avskrivningar	1	46 151	39 784
Husleiga		1 778 500	1 790 140
Læremidler, utstyr		57 368	75 998
Honorar rekneskap, revisjon		172 193	152 697
Kontorrekvisita, telefon, porto		88 211	71 157
Litteratur, musikk, instrument		20 832	9 093
Reise og møtekostnader		957 483	1 266 240
Bil- og diettgodtgjersle		29 893	56 584
Diverse kostnader		157 422	203 221
Annan driftskostnad		51 067	10 737
Sum driftskostnader		10 037 216	10 692 332
Driftsresultat		439 909	-144 539
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		4 584	12 214
Annen finansinntekt		9 328	9 211
Rentekostnader		2 000	2 000
Sum finansinntekter		11 912	19 425
Årsresultat	8	451 821	-125 114
Overføring			
Avsett til annan eigenkapital		451 821	0
Overført frå annan eigenkapital		0	-125 114
Sum overføringar		451 821	-125 114

BALANSE

Eigendelar	note	2020	2019
Anleggsmiddel			
Bilete-, bok- og notesamling		142 140	142 140
Instrument		54 000	71 000
Inventar og utstyr		107 000	90 000
Driftslausøyre, inventar og anna utstyr		21 000	0
Sum anleggsmidlar		324 140	303 140
Finansielle anleggsmiddel			
Investering i dottarselskap		6 000 000	6 000 000
Inntektsfond/premiefond		29 588	0
Sum finansielle anleggsmiddel		6 029 588	6 000 000
Sum anleggsmidlar		6 353 728	6 303 140
Omløpsmiddel			
Kundekrav		439 851	248 000
Andre kortsiktige krav		15 908	125 656
Bankinnskott		1 007 691	924 987
Sum omløpsmiddel		1 463 450	1 298 642
Sum eigendelar		7 817 178	7 601 782
Eigenkapital og gjeld		2020	2019
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital		501 427	501 427
Sum innskutt eigenkapital		501 427	501 427
Annen eigenkapital		5 981 239	5 529 417
Sum opptjent eigenkapital		5 981 239	5 529 417
Sum eigenkapital	8	6 482 666	6 030 844
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		102 194	160 336
Skuldig skattetrekk		232 044	227 412
Skuldig arbeidsgjevaravgift		230 360	216 184
Skuldig feriepengar og lønn		537 820	576 136
Gjeld til Kringsjå AS	7	40 281	313 169
Anna kortsiktig gjeld		191 813	67 700
Sum kortsiktig gjeld		1 334 512	1 570 938
Sum gjeld		1 334 512	1 570 938
Sum gjeld og eigenkapital		7 817 178	7 601 782


Voss, 15.02.2020

I styret for Stiftelsen Ole Bull Akademiet


 Irl Schau Johansen
 styremedlem


 Terje Støve
 Styreleiar


 Frode Thorsen
 Styremedlem


 Magne Espeland
 Styremedlem


 Håkon Asheim
 Styremedlem


 Sigbjørn Hauge
 styremedlem

NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2020

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postar verdsett og periodiserte i samsvar med bestemmningane i rekneskapsloven og reglane som følgjer av god rekneskapsskikk.

Klassifisering

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, og fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen er medteke som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Gjeld som forfell seinare enn eitt år etter rekneskapsperioden er ført opp som langsiktig gjeld. Alle fordringar og all gjeld tilknytt varekretsløpet er klassifisert som kortsiktige postar uavhengig av forfallstid.

Varige driftsmidlar og avskrivningar

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kostpris etter frådrag for bedriftsøkonomiske avskrivningar som er berekna på grunnlag av kostpris og antatt økonomisk levetid.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for vurdert avsetjing til forventa tap.

Aksjar

Aksjar er ført opp i rekneskapen til kostpris. I tilfelle verkeleg verdi er lågare enn kostpris – og dette ikkje er av forbigåande karakter, er det føreteke nedskriving.

Skatt

Selskapet er skattefri institusjon etter skatteloven.

Driftsinntekter og driftskostnader

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet som normalt vil vera leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader vert teke med etter samanstillingsprinsippet, dvs. i same periode som tilhøyrande inntekter blir tatt til inntekt.

NOTE 1: ANLEGGSMIDDEL

	Driftslausøyre, inventar o.l.	Instrument	EDB/ kontorutstyr	Sum
Innkjøpskost 01.01.20	627 394	393 118	193 384	1 213 895
+ Tilgang kjøpte anleggsmiddel	21 873		45 278	67 151
= Innkjøpskost 31.12.20	649 267	393 118	238 662	1 281 046
Akkumulerte avskrivningar 31.12.20	557 267	339 118	202 662	1 099 046
Bokført verdi 31.12.20	92 000	54 000	36 000	182 000
Ordinære avskrivningar dette året	19 873	17 000	9 278	46 151
Økonomisk levetid	4–10 år	8–10 år	4 år	

NOTE 2: LØNSKOSTNADER OG YTINGAR, GODTGJERINGAR TIL DAGLEG LEIAR, STYRET OG REVISOR

Lønskostnader	2019	2019
Honorar innleigde tenester	968 164	1 179 281
Lønn, feriepengar	4 536 073	4 733 002
Arbeidsgjevaravgift	763 704	769 601
Pensjonskostnader	349 332	257 051
Andre ytingar	60 823	77 747
Sum lønskostnader og ytingar	6 678 096	7 016 682

Økonomisk yting til Osafestivalen AS

Estimert økonomisk yting til Osafestivalen AS i løpet av rekneskapsåret 2019 utgjør netto omtrent kr. 495 000, og er inkludert i sum lønskostnader og ytingar.

Årsverk

Stiftelsen har i 2020 sysselsett 9 årsverk.

Pensjonsforpliktingar

Stiftelsen er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstiller krava i denne lova.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Medlemer av styret
Lønn	774 974	628 937
Styrehonorar		65 900

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2020 utgjør kr 38 555 inkludert mva.

NOTE 3: INVESTERINGAR I DOTTERSELSKAP

	Eigarandel	Forretningskontor	Resultat 2020	Eigenkapital pr. 31.12	Balanseført verdi
Kringsjå AS	100 %	Voss	185 906	5 635 557	5 800 000
Osafestivalen AS	100 %	Voss	100 511	323 191	200 000

Husleiga (inkl. straum, avgifter mv.) til Kringsjå AS er i 2020 kostnadsført med kr. 1 764 000.

Det vert med henvisning til reglane for små føretak ikkje utarbeida konsernrekneskap.

NOTE 4: PANTSTILLELSAR

Kassekreditt i Voss Sparebank er sikra med pantobligasjonar i gnr.48 ,bnr.177 Kringsjå AS i Voss pål. kr. 2 500 000. Limit kassekreditt er kr. 200 000.

NOTE 5: BANKINNSKOT

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) utgjør kr. 232 044 pr. 31.12.

NOTE 6: KUNDEKRAV

	2019	2019
Kundefordringar	439 851	25 000
Opptent ikkje fakturert inntekt	0	223 000
Sum	439 851	248 000

NOTE 7: MELLOMVÆRE MED DOTTERSELSKAP PR. 31.12.2020

	Kundefordringar 2020	Andre fordringar 2020
Kringsjå AS	0	0
Osafestivalen AS	0	0
Sum	0	0

	Leverandørgjeld 2020	Anna kortsiktig gjeld 2020
Kringsjå AS	0	-40 281
Osafestivalen AS	0	0
Sum	0	-40 281

NOTE 8: EIGENKAPITAL

	Innskoten kapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital Per 01.01.2020	501 427	5 529 417	6 030 844
Årets resultat		451 821	451 821
Per 31.12.2020	501 427	5 981 239	6 482 666



OLE BULL AKADEMIET

Boks 443, 5703 Voss

Tlf: 56 51 65 00

E-post: oba@olebull.no • www.olebull.no